



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# Prop. 18 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2018 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 23. november 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar i statsbudsjettet 2018 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for behandlinga av meirverdiavgift når det gjeld forprosjektering av fullskala CO<sub>2</sub>-handtering. I kapittel 4 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsvirksomheita.

### 2 Endringar i statsbudsjettet 2018

#### Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 72*

Det er foreslått å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner, til om lag 19,4 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsauke under kap. 1800, post 71 Tilskot til Norsk Oljemuseum.

*Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.*

EUs rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon (CIP) vart avslutta i 2013. Det er sett av 1,8 mill. kroner under posten i 2018 for å dekkje uteståande forpliktingar for den norske deltakinga i programmet. Olje- og energidepartementet er

blitt underretta om at det ikkje vil bli utbetalingar til CIP i 2018.

Innlemming i EØS-avtala av forordning 714/2009 om grensekryssande krafthandel og forordning 713/2009 som sikrar norsk deltaking i EUs byrå for samarbeid mellom nasjonale reguleringsmyndigheiter på energiområdet, ACER, er ikkje tredd i kraft. Det er sett av 2,8 mill. kroner i økonomisk bidrag til ACER under posten som ikkje vil påløpe i 2018.

På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga med til saman 4,6 mill. kroner, til 3,2 mill. kroner.

*Post 71 Tilskot til Norsk Oljemuseum*

Utstillinga «Energi – problemet eller løysningen?» har vore i drift ved museet i fem år og Norsk Oljemuseum foreslår å skifte ut utstillinga med ei ny utstilling med nytt oppdatert og moderne innhald. Den nye utstillinga skal handle om utfordringane verda og Noreg står overfor som følgje av auka energibehov og klimaendringar. Utstillingsprosjektet har ei kostnadsramme på 5 mill. kroner. Det er foreslått at staten støttar den nye utstillinga med 1,5 mill. kroner over Olje- og energidepartementets budsjett. Norsk Oljemuseum vil medverke med 0,5 mill. kroner av finansieringa frå sin eigenkapital, mens Equinor ASA har gitt tilsegn om støtte for dei resterande 3 mill. kroner.

Det er foreslått å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner, til 15 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende reduksjon under kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter.

### Kap. 1810 Oljedirektoratet

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Oljedirektoratet har motteke fleire søknader enn venta i samband med konsesjonsrunden i år i førehandsdefinerte område, TFO 2018, noko som gir auka arbeidsmengd til behandling av søknader. Arbeidet med å behandle konsesjonssøknader er gebyrfinansiert.

Det er foreslått å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner, til 305,7 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter.

#### *Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast*

Utgifter til Oljedirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om rådgiving innanfor petroleumsforvaltning for utviklingsland (Olje for utvikling) er anslått å bli 10 mill. kroner lågare enn gjeldande løyving. Reduksjonen skuldast mindre aktivitet i enkelte prosjekt som følgje av forseinka signering av nye institusjonsavtaler.

På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til om lag 106,8 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

### Kap. 1815 Petoro AS

#### *Post 72 Administrasjon, Petoro Iceland AS*

#### *Post 73 Statleg deltaking i petroleumsverksemd på islandsk kontinentalsokkel, kan overførast*

Petoro Iceland AS har frå 2013 til 2018 forvalta statens deltakarpartar i tre utvinningsløyve på islandsk sokkel. I tråd med tilrådinga frå operatøren vart det i januar 2018 bestemt ikkje å føre vidare aktiviteten i det siste aktive løyvet. Islandske myndigheiter ser på løyvet som bortfalle.

På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga under post 72 Administrasjon, Petoro Iceland AS med om lag 1,1 mill. kroner, til 400 000 kroner for dekning av utgifter som har komme til i 2018.

Vidare er det foreslått å redusere løyvinga under post 73 Statleg deltaking i petroleumsverksemd på islandsk kontinentalsokkel med om lag 18,4 mill. kroner, til 350 000 kroner for dekning av utgifter som har komme til i 2018.

### Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

#### *Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 45, 60 og 72*

Store nedbørsmengder i slutten av oktober, kombinert med snøsmelting i fjellet, førte til store lokale overfløymingar, endringar i elve- og bekkeløp og omfattande masseavlagring i Oppland, Sogn og Fjordane og Hordaland. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har berekna eit løyvingsbehov på til saman 55 mill. kroner til krise- og hastetiltak som følgje av flaumen. Krisetiltaka er berekna til 25 mill. kroner og omfattar oppreinsking og å avverje akutt fare for ytterlegare skadar. Hastetiltaka er berekna til 30 mill. kroner. Det er uvisse knytt til dei estimerte kostnadene for hastetiltak og framdrifta i arbeida då planlegginga er i ein tidleg fase.

På denne bakgrunnen er det foreslått å auke løyvinga med totalt 55 mill. kroner, til om lag 316,5 mill. kroner.

#### *Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast*

Utgifter til internasjonale rådgivingsoppdrag og bistand innanfor vass- og energisektoren, er anslått å bli 5 mill. kroner lågare enn gjeldande løyving. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike program.

På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til om lag 81,8 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

### Kap. 1830 Forsking og næringsutvikling

#### *Post 70 Tilskot til Nordisk Energiforsking*

Noreg medverkar til finansieringa av Nordisk Energiforsking som er finansiert i fellesskap av dei nordiske landa etter ein fastsett fordelingsnøkkel basert på landa sitt brutto nasjonalprodukt. Olje- og energidepartementet har utbetalt om lag 10,3 mill. kroner til Nordisk Energiforsking i 2018.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner, til 10,3 mill. kroner.

### Kap. 1840 CO<sub>2</sub>-handtering

*Post 71 Tilskot til Teknologisenter for CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad*

Posten omfattar utgifter til TCM Operations DA som står for drifta av testanlegga for CO<sub>2</sub>-fangst

på Mongstad og TCM Assets AS som står som eigar av anlegga ved teknologisenteret og betalar den kommunale eigedomsskatten.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til 193 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med tilbakebetaling/avrekning av driftsutgifter for 2017.

### Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2018 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post/ underpost	Gjeldande løyving 2018 <sup>1</sup>	Forslag til ny løyving for 2018	Endring
2440 30 Investeringar	25 000	24 000	-1 000
Sum kap. 2440	25 000	24 000	-1 000
5440 24.1 Driftsinntekter	153 200	184 000	30 800
24.2 Driftsutgifter	-28 300	-30 100	-1 800
24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 100	-2 100	-
24.4 Avskrivningar	-26 000	-24 000	2 000
24.5 Renter av statens kapital	-3 300	-3 100	200
24 Driftsresultat	93 500	124 700	31 200
30 Avskrivningar	26 000	24 000	-2 000
80 Renter av statens kapital	3 300	3 100	-200
Sum kap. 5440	122 800	151 800	29 000

Kontantstraum til SDØE:

Innbetalingar <sup>2</sup>	153 200	184 000	30 800
Utbetalingar <sup>3</sup>	55 400	56 200	800
Netto kontantstraum frå SDØE	97 800	127 800	30 000

<sup>1</sup> Gjeldande løyving for 2018 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 13. desember 2017 og seinare endringar i 2018 (revidert budsjett), jf. Prop. 85 S (2017–2018) og Innst. 400 S (2017–2018)

<sup>2</sup> Innbetalningar = driftsinntekter

<sup>3</sup> Utbetalningar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er redusert med 1 000 mill. kroner, til 24 000 mill. kroner. Nedgangen skuldast lågare investeringsoverslag for Johan Sverdrup, redusert produksjonsboring som følgje av forseinka oppstart av Cat J-riggane på Oseberg og Gullfaks, og endra boreplanar for enkelte felt.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 30 800 mill. kroner, til 184 000 mill. kroner. Auken skuldast høgare prisføresetnader for olje og gass. Vidare blir noko høgare gassproduksjon motverka av noko lågare oljeproduksjon. Overslaget baserer seg på ein oljepris for 2018 på 632 kroner per fat samanlikna med 519 kroner per fat i revidert budsjett 2018.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 1 800 mill. kroner, til 30 100 mill. kroner. Auken skuldast høgare tariffkostnader grunna auka sal av gass, høgare produksjonskostnader med venta auke i vedlike-

haldskostnader i fjerde kvartal, og auka kostnader til kjøp av tredjepartsgass.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er redusert med 2 000 mill. kroner, til 24 000 mill. kroner. Nedgangen skuldast oppdatert reservegrunnlag, og lågare sal av olje og investeringar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er redusert med 200 mill. kroner, til 3 100 mill. kroner. Nedgangen skuldast oppdatert rentesats.

Endringer i underpostar omtalt over medfører at overslaget for driftsresultatet til SDØE er auka med 31 200 mill. kroner, frå 93 500 mill. kroner til 124 700 mill. kroner.

Overslaget for netto kontantstrøm frå SDØE er auka frå 97 800 mill. kroner til 127 800 mill. kroner, ein auke på 30 000 mill. kroner frå gjeldande løyving for 2018.

## Kap. 2490 NVE Anlegg

### Post 24 Driftsresultat

Tabell 2.2 Endringer under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490 24.1	Driftsinntekter	-80 000	-106 500	-26 500
24.2	Driftsutgifter	75 200	101 700	26 500
24.3	Avskrivningar	4 600	4 600	-
24.4	Renter av statens kapital	200	200	-
24.5	Investeringsformål	0	0	-
24.6	Reguleringsfond	-5 000	-5 000	-
24	Driftsresultat	-5 000	-5 000	0

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 26,5 mill. kroner, til 106,5 mill. kroner. Auken skuldast høgare omsetning som følgje av auka oppdragsmengde, i hovudsak i region Vest.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 26,5 mill. kroner, til 101,7 mill. kroner. Auken heng saman med utgiftsauke til varer, tenester og underleveransar som følgje av den auka aktiviteten.

Ovannemnde endringer medfører inga endring i NVE Anlegg sitt driftsresultat.

### Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

NVE Anlegg legg opp til å selje utstyr mv. som til saman er venta å gi netto om lag 1,4 mill. kroner i auka inntekter, jf. kap. 5490, post 01 Sal av utstyr mv. Det er foreslått at NVE Anlegg kan nytte salsinntektene til investeringar i nytt utstyr.

På denne bakgrunnen er det foreslått løyvd 1,4 mill. kroner.

**Kap. 4800 Olje- og energidepartementet***Post 02 Ymse inntekter*

Gjennom behandlinga av Prop. 119 S (2014–2015), jf. Innst. 360 S (2014–2015), og Prop. 122 S (2015–2016), jf. Innst. 400 S (2015–2016), vart løyvinga til Petoro auka med høvesvis 7 mill. kroner og 5,3 mill. kroner, til dekning av ekstern juridisk og teknisk bistand i samband med to rettsvistar; Norne-Alve valdgift og kontantoppgjjer Statfjord. Tvistane handla om spørsmål av teknisk karakter og gjaldt blant anna avtaler regulert av forskrift om bruk av innretningar av andre. Det var usemje om kostnadsdeling og kontantoppgjjer.

Sakene er no avslutta og Petoro har orientert departementet om at 1,3 mill. kroner av midlane ikkje er nytta. Petoro vil betale tilbake dei unytta midlane til Olje- og energidepartementet.

På denne bakgrunnen er det foreslått løyvd 1,3 mill. kroner.

**Kap. 4810 Oljedirektoratet***Post 01 Gebyrinntekter*

Det er foreslått å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner, til om lag 29,1 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsauke under kap. 1810, post 01 Driftsutgifter.

*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det er foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til om lag 106,8 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1810, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

**Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat***Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det er foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til om lag 81,8 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

*Post 40 Flaum- og skredførebygging*

Posten omfattar inntekter frå kommunar for sikrings- og miljøtiltak som er gjennomført i regi av NVE. Nytt overslag gir grunnlag for å auke løyvinga med 6 mill. kroner, til 27 mill. kroner.

**Kap. 5490 NVE Anlegg***Post 01 Sal av utstyr mv.*

NVE Anlegg legg opp til å selje utstyr mv. som til saman er venta å gi netto om lag 1,4 mill. kroner i auka inntekter i 2018.

Det er foreslått å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner, til 1,6 mill. kroner. Ein viser til tilsvarande auke under kap. 2490, post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

**Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA***Post 85 Utbytte*

Equinor ASA har utbetalt totalt om lag 10 590 mill. kroner i utbytte til Olje- og energidepartementet for tredje og fjerde kvartal 2017 og første kvartal 2018. For budsjettformål er det lagt til grunn eit kontantutbytte for andre kvartal 2018 tilsvarande utbetalinga for første kvartal 2018.

Det er på den bakgrunnen foreslått å auke løyvinga med 366 mill. kroner, til 14 910 mill. kroner.

### **3 Behandlinga av meirverdiavgift på tilskot til forprosjektering av fullskala CO<sub>2</sub>-handtering**

I Prop. 14 S (2017–2018) vart det omtalt eit uavklart spørsmål om meirverdiavgift på tilskot til forprosjektering av fullskala CO<sub>2</sub>-handtering.

Midlar til dekning av industriaktørane sine utgifter til arbeid med forprosjektering av fullskala CO<sub>2</sub>-handtering er budsjettert som tilskot utan påslag for meirverdiavgift. Gassnova har henta inn ei ekstern juridisk vurdering som underbyggjer dette. Vidare har Gassnova innhenta ei førehandsuttale frå Skatteetaten av juli 2018. Skatteetaten fastslår at overføringa ikkje er avgiftspliktig. Som følge av at Gassnova bare kan be om bindande førehandsuttale for eigne skatteforhold, har ikkje Skatteetaten teke stilling til om det skal bli berekna meirverdiavgift på overføringa mellom Gassnova og tilskotsmottakarane. Ei bindande førehandsuttale frå Skatteetaten føreset at førespurnaden gjeld framtidige, planlagde handlingar. Forprosjekteringa vart starta opp sommaren 2018.

Støttmottakarane har ansvaret for eigne vurderingar og å gi uttømmende opplysningar til avgiftsmyndigheitene om den avgiftsvisе handteringa av mottekte tilskot.

## 4 Bruk av fullmakter under petroleumsvirksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsvirksemda.

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av desse fullmaktene sidan førre rapportering.

### 4.1 Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget har samtykt i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under følgjande føresetnader:

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsvis sider av betydning.
2. Øvre grense for dei samla investeringane per prosjekt utgjer 20 mrd. kroner.
3. Kvart enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønsemd og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta har blitt nytta ved følgjande høve<sup>1</sup>:

#### Skogul

Departementet mottok 15. desember 2017 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Skogul. Skogul er i hovudsak eit oljefelt. Det skal byggjast ut med ei enkel brønnramme, med eit produksjonsrøyr direkte kopla opp mot eksisterande røyrledning frå det nærliggjande Vilje-feltet til Alvheim produksjonsskip (FPSO). Utbygginga er planlagt med framtidige tilkoplingshøve for andre funn i området. Venta produksjonsstart er 1. kvartal 2020. Rettshavarar er Aker BP ASA (operatør, 65 prosent) og PGNiG Upstream Norway AS (35 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til om lag 1,5 mrd. kroner.

PUD for Skogul vart godkjent av Olje- og energidepartementet 23. mars 2018.

#### Valhall Flanke Vest

Departementet mottok 15. desember 2017 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift

(PUD) av Valhall Flanke Vest. Den valde utbyggingsløysinga er ei botnfast brønnhovudplattform som normalt vil vere ubemanna. Innretninga skal plasserast fire kilometer vest for Valhall feltcenter, og vil bli fjernstyrt derfrå. Brønnstraumen skal først til Valhall feltcenter for prosessering og vidare transport. Venta produksjonsstart er 4. kvartal 2019. Rettshavarar er Aker BP (90 prosent) og Pandion Energy AS (10 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til om lag 5,5 mrd. kroner.

PUD for Valhall Flanke Vest vart godkjent av Olje- og energidepartementet 23. mars 2018.

#### Yme New Development

Departementet mottok 19. desember 2017 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Yme. Den valde utbyggingsløysinga medfører bruk av eksisterande brønner og infrastruktur på havbotnen. Vidare vil utbygginga bestå av ein oppjekkbar rigg med bore- og produksjonsanlegg. Seks nye brønner vil bli bora. Brønnstraumen vil bli mellombels lagra i lagertank fram til eksport. Gassen i feltet som ikkje blir nytta til anten kraftgenerering eller gassløft vil bli reinjisert i reservoaret. Venta produksjonsstart er 2. kvartal 2020. Rettshavarar er Repsol Norge AS (55 prosent), Lotos (20 prosent), OKEA (15 prosent) og Kufpec (10 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 8,2 mrd. kroner.

Endra PUD for Yme vart godkjent av Olje- og energidepartementet 23. mars 2018.

#### Fenja

Departementet mottok 19. desember 2017 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Fenja. Fenja-feltet er planlagt utbygd som ei undervassutbygging med to havbotnrammer og seks brønner, som vert kopla opp mot Njord A-plattformen for prosessering. Venta produksjonsstart er i første kvartal 2021. Rettshavarar er Neptune E&P Norge AS (30 prosent), Point Resources AS (45 prosent), Suncor Energy Norge AS (17,5 prosent) og Faroe Petroleum Norge AS (7,5 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 10,2 mrd. kroner.

PUD for Fenja vart godkjent av Olje- og energidepartementet 5. april 2018.

<sup>1</sup> Til og med oktober 2018.

*Ærfugl*

Departementet mottok 15. desember 2017 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Ærfugl. Ærfugl er planlagt utbygd som ei undervassutbygging i to fasar med tre produksjonsbrønningar i kvar fase. Venta produksjonsstart er i fjerde kvartal 2020. Rettshavarar er Aker BP ASA (23,835 prosent), Equinor Energy AS (36,165 prosent), DEA Norge AS (28,0825 prosent) og PGNiG Upstream Norway AS (11,9175 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 8,5 mrd. kroner.

PUD for Ærfugl vart godkjent av Olje- og energidepartementet 6. april 2018.

*Snorre Expansion Project (SEP)*

Departementet mottok 21. desember 2017 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Snorrefeltet for vidareutviklingsprosjektet SEP. SEP er eit omfattande prosjekt for auka utvinning. Utbyggingsløysinga består av seks havbotnrammer med 24 brønningar kopla opp mot Snorre A-plattformen, modifikasjonsarbeid på Snorre A-plattformen og import av injeksjonsgass frå Gullfaksfeltet. Formålet er å auke verdiskapinga frå feltet ut over kva som er mogleg med eksisterande infrastruktur. Venta produksjonsstart er i første kvartal 2021. Rettshavarar er Equinor Energy AS (33,27556 prosent), Petoro AS (30 prosent), ExxonMobil Exploration and Production Norway AS (17,44596 prosent), Idemitsu Petroleum Norge AS (9,6 prosent), DEA Norge AS (8,57108 prosent) og Point Resources AS (1,1074 prosent).

Dei totale investeringane er i endra PUD rekna til 19,3 mrd. kroner. SDØE sin del av inves-

teringane i SEP er rekna til om lag 5,8 mrd. kroner. Stortinget har samtykt i at Olje- og energidepartementet kan pådra staten forplikningar utover løyvingane i 2018 som følge av staten si deltaking i SEP med inntil 6 mrd. kroner, jf. Prop. 85 S og Innst. 400 S (2017–2018).

Endra PUD for SEP vart godkjend av Olje- og energidepartementet 5. juli 2018.

*Nova*

Departementet mottok 15. mai 2018 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Nova. Den valde utbyggingsløysinga er ei undervassutbygging med to havbotnrammer og seks brønningar kopla til Gjøaplattformen. Brønnstrømmen blir ført gjennom nye røyr til Gjøa for prosessering og eksport. Venta produksjonsstart er i tredje kvartal 2021. Rettshavarar er Wintershall (35 prosent), Capricorn Norge AS (20 prosent), Spirit Energy Norge AS (20 prosent), Edison Norge AS (15 prosent) og DEA Norge AS (10 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 9,9 mrd. kroner.

PUD for Nova vart godkjent av Olje- og energidepartementet 27. september 2018.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2018 under Olje- og energidepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2018 under Olje- og energidepartementet

## I

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i> , blir sett ned med .....	1 500 000
		frå kr 20 946 000 til kr 19 446 000	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv., blir sett ned med .....	4 600 000
		frå kr 7 800 000 til kr 3 200 000	
	71	Tilskot til Norsk Oljemuseum, blir sett opp med .....	1 500 000
		frå kr 13 500 000 til kr 15 000 000	
1810		Oljedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir sett opp med .....	3 500 000
		frå kr 302 200 000 til kr 305 700 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med ...	10 000 000
		frå kr 116 750 000 til kr 106 750 000	
1815		Petoro AS	
	72	Administrasjon, Petoro Iceland AS, blir sett ned med .....	1 097 000
		frå kr 1 497 000 til kr 400 000	
	73	Statleg deltaking i petroleumsverksemd på islandsk kontinentalsokkel, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med .....	18 350 000
		frå kr 18 700 000 til kr 350 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	22	Flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 45, 60 og 72</i> , blir sett opp med .....	55 000 000
		frå kr 261 454 000 til kr 316 454 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med ...	5 000 000
		frå kr 86 820 000 til kr 81 820 000	



Kap.	Post	Formål	Kroner
1830		Forskning og næringsutvikling	
	70	Tilskot til Nordisk Energiforskning, blir sett ned med..... frå kr 11 300 000 til kr 10 300 000	1 000 000
1840		CO <sub>2</sub> -handtering	
	71	Tilskot til Teknologisenter for CO <sub>2</sub> -fangst på Mongstad, blir sett ned med .....	2 000 000
		frå kr 195 000 000 til kr 193 000 000	
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	30	Investeringar, blir sett ned med .....	1 000 000 000
		frå kr 25 000 000 000 til kr 24 000 000 000	
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat	0
		1 Driftsinntekter .....	-106 500 000
		2 Driftsutgifter .....	101 700 000
		3 Avskrivningar .....	4 600 000
		4 Renter av statens kapital .....	200 000
		5 Investeringsformål.....	0
		6 Reguleringsfond.....	-5 000 000
			-5 000 000
(NY)	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med.....	1 400 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet	
(NY)	02	Ymse inntekter, blir løyvd med .....	1 300 000
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir sett opp med .....	3 500 000
		frå kr 25 627 000 til kr 29 127 000	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med.....	10 000 000
		frå kr 116 751 000 til kr 106 751 000	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med.....	5 000 000
		frå kr 86 820 000 til kr 81 820 000	
	40	Flaum- og skredførebygging, blir sett opp med .....	6 000 000
		frå kr 21 000 000 til kr 27 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat, blir sett opp med .....	31 200 000 000
		frå kr 93 500 000 000 til kr 124 700 000 000	
		1 Driftsinntekter .....	184 000 000 000
		2 Driftsutgifter .....	-30 100 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter .....	-2 100 000 000
		4 Avskrivningar .....	-24 000 000 000
		5 Renter av statens kapital .....	-3 100 000 000
			<u>124 700 000 000</u>
	30	Avskrivningar, blir sett ned med .....	2 000 000 000
		frå kr 26 000 000 000 til kr 24 000 000 000	
	80	Renter av statens kapital, blir sett ned med .....	200 000 000
		frå kr 3 300 000 000 til kr 3 100 000 000	
5490		NVE Anlegg	
	01	Sal av utstyr mv., blir sett opp med .....	1 400 000
		frå kr 200 000 til kr 1 600 000	
5685		Aksjar i Equinor ASA	
	85	Utbytte, blir sett opp med .....	366 000 000
		frå kr 14 544 000 000 til kr 14 910 000 000	

---



---



